Bruk av *Norrøn ordbok*

Norrøn ordbok er eit uunnverleg hjelpemiddel under arbeidet med norrøne tekster. Dette notatet gjev nokre praktiske råd om korleis ordboka skal brukast, med hovudvekt på korleis vi skal forstå *formparentesane*.

Korleis finne fram til stamma av ordet

I formparentesen i ordboka er ei eller fleire av bøyingsendingane oppførte, t.d. **staðr** m. (*-ar; -ir*). Første bod blir dermed å dra grensa mellom *stamme* og *bøyingsending*. Stamma finn vi ved å ta utgangspunkt i oppslagsforma i ordboka:

S u b s t a n t i v (oppslagsform: nominativ singular)

sterke mask.:	stamme = oppslagsform ÷ *r* [1]	t.d. *armr* ÷ *r* = *arm*
sterke fem.:	stamme = oppslagsform	t.d. *bøn*
sterke nøytr.:	stamme = oppslagsform	t.d. *land*
svake mask.:	stamme = oppslagsform ÷ *i*	t.d. *granni* ÷ *i* = *grann*
svake fem.:	stamme = oppslagsform ÷ *a*	t.d. *saga* ÷ *a* = *sag*
svake nøytr.:	stamme = oppslagsform ÷ *a*	t.d. *hjarta* ÷ *a* = *hjart*

A d j e k t i v (oppslagsform: nominativ maskulinum singular)

alle: stamme = oppslagsform ÷ *r* [2]	t.d. *spakr* ÷ *r* = *spak*
	t.d. *blár* ÷ *r* = *blá*

V e r b (oppslagsform: infinitiv)

svake verb		
telja-klassa:	stamme = oppslagsform ÷ *ja*	t.d. *telja* ÷ *ja* = *tel*
alle andre:	stamme = oppslagsform ÷ *a* [3]	t.d. *kasta* ÷ *a* = *kast*
sterke verb:		
j-innskot:	stamme = oppslagsform ÷ *ja*	t.d. *blíkja* ÷ *ja* = *blík*
v-innskot:	stamme = oppslagsform ÷ *va*	t.d. *slyngva* ÷ *va* = *slyng*
alle andre:	stamme = oppslagsform ÷ *a*	t.d. *bíta* ÷ *a* = *bít*

---

1 I assimilerte former som *steinn*, *djǫfull* o.l. dreg ein frå den siste konsonanten, og får stammer som *stein*, *djǫful* o.l.

2 I assimilerte former som *heiðinn*, *lítill* o.l. dreg ein frå den siste konsonanten, og får stammer som *heiðin*, *lítil* o.l.

3 Merk likevel assimilerte former av typen *spáa* → *spá*, der stamme = oppslagsform.

Substantivet *staðr* har altså stamma *stað-*, og endingane *-ar* og *-ir* blir føydde til denne: *staðar* og *staðir*. — Legg merke til at norrøne stammer oftast endar på konsonant. Når stamma endar på vokal, vil ein innleiande vokal i bøyingsendinga falle bort dersom han er av same eller tilsvarande kvalitet, t.d. *mó + um → móm*, *blá + an → blán*, *tré + i → tré*.

Når formparentesen manglar

Substantiv og adjektiv står ofte utan formparentes i ordboka. Men det er ingen grunn til å fortvile: Hovudregelen er nemleg at det *ikkje* står formparentes til ord i dei største eller mest lettkjennelege bøyingsklassene. Dermed ligg det ei viktig melding i sjølve *fråværet* av formparentes. Litt forenkla kan reglane setjast opp slik:

1. Blant **substantiva** er formparentes ikkje oppført for dei ord som har svak bøying. Derimot står det formparentes for alle substantiv med sterk bøying, utanom dei maskuline **a**-typane, dei feminine **ir**-typane og dei nøytrale **null**-typane. Formparentes er likevel oppsett i alle ord (både svake og sterke) som har innskot av *j* eller *v*, når dette innskotet ikkje er synleg i nominativsforma.

2. Blant **adjektiva** er formparentes berre oppsett for dei ord som har innskot av *j* eller *v*, eller når komparativ og superlativ blir danna ved i-omlyd eller suppletivstamme.

3. Blant **verba** er formparentes oppsett både for svake verb (dentalsuffikset), og for sterke verb og preterito-presentiske verb (alle former *a verbo*).

4. Ved samansette ord står det ingen formparentes sjølv om det siste leddet er oppført med formparentes på sin alfabetiske plass i ordboka. Døme: Ordet *herǫr* f. 'hærpil' har ingen formparentes og skulle etter regel 1 ovanfor vere ein sterk **ir**-type (det kan ikkje vere ein svak **ur**- eller **i**-type då nominativsforma ikkje endar på trykklett vokal), men dersom vi slår opp på sisteleddet *ǫr* f., viser formparentesen at ordet er ein sterk feminin **ar**-type med v-innskot: **ǫr** f. (*ǫrvar*; *ǫrvar*).

Ved hjelp av desse reglane kan vi no gå frå ordboka til grammatikken. Nedanfor følgjer nokre døme på korleis ein må resonnere når det gjeld substantiv som står oppførte utan formparentes i ordboka:

dauðr m.: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) då det ikkje har formparentes, kan det ikkje vere ein **i**-, **u**- eller **r**-type → det må altså vere ein sterk maskulin **a**-type.

hégómi m.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då det ikkje har stammeutlyden *-nd*, kan det ikkje vere ein svak **r**-type → det må altså vere ein svak maskulin **a**-type.

dómandi m.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då det har stammeutlyden *-nd*, kan det ikkje vere ein svak **a**-type → det må altså vere ein svak maskulin **r**-type.

ást f.: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) då det ikkje har formparentes, kan det ikkje vere ein **ar**- eller **r**-type → det må altså vere ein sterk feminin **ir**-type.

fróði f.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då endinga ikkje er *-a*, kan det ikkje vere ein **ur**-type → det må altså vere ein svak feminin **i**-type.

tunga f.: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) då endinga ikkje er *-i*, kan det ikkje vere ein **i**-type → det må altså vere ein svak feminin **ur**-type.

gagn n: (1) då nominativen ikkje endar på trykklett vokal, må ordet ha sterk bøying, og (2) det er berre ei klasse av sterke nøytrale substantiv → det må altså vere ein sterk nøytral **null**-type.

auga n: (1) då nominativen endar på trykklett vokal, må ordet ha svak bøying, og (2) det er berre ei klasse av svake nøytrale substantiv → det må altså vere ein svak nøytral **u**-type.

* * *

Dette notatet kan brukast saman med både *Grunnbok i norrønt språk* (1. utg. 1993, 4. utg. 2001) og *Norrøn grammatikk i hovuddrag* (2008).

Odd Einar Hagen, 11. mars 2010